



Geir Jensen

ArkivsakID/ JplID: 17/2357 17/19890

Dato:  
10.10.2017

## Ledig teknisk vakt

Frå 1. november 2017 slutter ein av dei seks tilsette som tek del i Teknisk vaktordning, og vakta er dermed ledig. Den som tek over vakta må vere tilsett i 100 % fast stilling innan drift og vedlikehald av vatn- og avlaupsanlegg, vegar, kyrkjegard eller kommunale bygg.

Vakta omfattar døgnberedskap kvar 6. veke etter arbeidstid og i helg, medrekna offentlege høgtidsdagar når desse inngår i vaktveka. Vaktordninga blir godtgjort med regulativbestemte tillegg ved utrykning og årleg fast godtgjersle som blir rekna ut i høve til gjeldande lønsplassering.

Vakta inngår i ein vaktplan. Ved ferie og fråvêr kan det bli ombyutting av vakter eller spørsmål om ekstravakt. Den som har vakt må vere budd på å bli kontakta om alle mogelege oppdrag, for det meste kopla til vatn- og avlaupsanlegg, andre anlegg eller kommunale bygg.

Den som går inn i vaktordninga må gjere seg kjent med alle tilhøyrande instruksar og prosedyrar.

Det er ønskjeleg å få tilbakemelding **innan 20.10.2017** kven som ønskjer å tre inn i vaktordninga. Dersom det er fleire som melder seg, vil ansiennitet i kommunen bli vektlagt ved utvelging.

Meldinga må sendast til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller per post til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug.

### Kopi til:

Anny Bastesen